

# **Forskrift for gebyr etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjonslova, Høyanger kommune, Vestland**

## **Kapittel 1 – Ålmenne føresegner**

Forskrifta gir føresegner om betaling av gebyr for oppgåver som ligg til kommunen å utføre etter plan- og bygningslova, matrikkellova og eigarseksjoneringslova.

Kommunestyret fastset årleg gebyrregulativ med gebyrsatsar. Gebyrregulativet trer i kraft frå det tidspunktet kommunestyret bestemmer.

Gebyrregulativet skal spegle det faktiske sakshandsamingsarbeidet dei enkelte sakstypane medfører, og omfattar sakshandsaming, oppmåling, matrikkelføring, tilsynsverksemd, administrasjonskostnadar, annonsering og kartgrunnlag.

### **§ 1-1. Betalingsplikt**

Alle som får utført tenester etter gebyrregulativet skal betale gebyr.

Fastsett gebyr skal betalast uavhengig av seinare endringar som kjem som ein konsekvens av vedtak, refusjon, søknad om redusert gebyr og liknande.

Kommunen kan halde att kunngjering av vedtak til gebyr er betalt.

Kommunen kan krevje inn tinglysingsgebyr og eventuelt dokumentavgift i saker der kommunen må forskottere dette.

### **§ 1-2. Tidspunkt for gebyrfastsetting**

Gebyr vert fastsett etter det til ei kvar tid gjeldande gebyrregulativ på det tidspunkt kommunen har motteke komplett søknad, endringssøknad, rekvisisjon, komplett planframlegg eller bestilling.

### **§ 1-3. Sakkunnig bistand**

Der kommunen leiger inn sakkunnig bistand for kontroll, fråsegner, vurderingar ut frå lov- og forskriftskrav og liknande, vil kostnadane for slik bistand bli lagde til gebyret. I tillegg blir det fakturert for tida kommunen har brukt til å hente inn denne bistanden.

### **§ 1-4. Gebyr etter medgått tid**

I kompliserte og tidkrevjande saker der arbeidet til kommunen klart vil overstige det ein kan dekke inn gjennom dei enkelte gebyra, kan kommunen på førehand opplyse om at det skal fakturerast etter medgått tid.

### **§ 1-5.Urimeleg gebyr**

Kommunedirektør kan redusere gebyr som vert vurdert som klart urimeleg. I vurderinga skal det leggast vekt på dei kostnadane kommunen har hatt med saka, og om det føreligg særlege grunnar som tilseier at gebyret bør reduserast.

Søknad om redusert gebyr medfører ikkje utsett betalingsfrist.

### **§ 1-6.Klage**

Når gebyret har heimel i plan- og bygningslova, eigerseksjoneringslova eller matrikellova, kan ikkje tenestemottakar klage på gebyret i den enkelte saka. Unntaket er tilfelle der kommunen har teke i bruk § 1-5 om urimeleg gebyr. Kommunedirektøren si avgjerd etter ein slik søknad kan klagast på etter reglane i forvaltningslova.

### **§ 1-7.Avslag**

Søkarar må betale ordinært gebyr sjølv om dei får avslag på søknaden. Beløpet blir ikkje godskrive ved ny eller endra søknad.

## **Kapittel 2 – Private planar**

### **§ 2-1.Gebyrplikt og unntaksføresegner**

Kommunen krev gebyr for alle private reguleringsplanforslag, for arbeid fram til første gongs behandling.

Gebyr for handsaming vert fakturert når kommunen har motteke komplett planframlegg. Vedtak om høyring og offentleg ettersyn vert ikkje kunngjort før faktura er betalt.

Oppstartsmøte jf. plan og bygningslova §12-8 fakturerast etter gjennomført møte.

Kommunen fakturerer gebyr for private reguleringsplanforslag når kommunen har motteke planforslaget og vurdert om det er komplett.

Dersom planframlegg vert trekt når saka er ferdig førebudd for første handsaming vert 50% av gebyret fakturert. Ynskjer forslagsstiller å trekkje planframlegget tidlegare vert gebyret fakturert skjønsmessig (frå 10-50%) ut frå kor langt i prosessen saka er kome. Prosesstart vert rekna frå tidspunkt for oppstartsmøte/planinitiativ er motteke. For sak som avsluttast etter innsendt planforslag, men etter førstegangsvedtak skal 100% av gebyret betalast. Viss saka blir avbroten, skal søkaren få refundert delar av gebyret, jf. § 2-2.

### **§ 2-2.Mangelfulle planar**

Ved manglar skal søkar betale kommunen etter medgått tid for å få retta opp i forholda. Søkar skal sjølv rette manglane. Lista under er ikkje uttømmende. Kommunen reknar ein plan som mangelfull i desse tilfella:

- Mangel på viktige føresegner som viser til normer
- Mangel på analysar og rapportar
- Mangel på rett SOSI-standard, jf. kart- og planforskrifta
- Manglar i planomtalen

## **Kapittel 3 – Byggje- og delesaker**

### **§ 3-1. Gebyrplikt og unntaksføresegner**

Gebyr etter plan og bygningslova blir berekna etter dei satsane som gjeld på det tidspunktet kommunen har motteke ei komplett sak. Med mindre anna er spesifisert i regulativet, blir byggesaker fakturerte ved første gongs vedtak eller når kommunen har ferdigbehandla eller avslutta saka.

Det skal betalast gebyr pr. tiltak pr. søknad. For byggjesaker i to trinn fakturerast 75% ved handsaming av rammesøknad og 25% ved handsaming av igangsettingsløyve. I tillegg kjem gebyr per igangsettingsløyve ut over det første. Dersom ein bygning har fleire funksjonar vert gebyret rekna etter høgste gebyrklasse. Ved tiltak som kjem inn under fleire tiltaksklassar vert gebyr utrekna etter høgste tiltaksklasse.

Gebyr for handsaming av dispensasjonssøknadar kjem i tillegg til ordinære sakshandsamingsgebyr.

Gebyret dekker løyve, tilsyn og bruksløyve/ferdigattest.

### **§ 3-3. Tilsyn**

Tilsyn er eit viktig verkemiddel for å kontrollere at tiltak blir gjennomførte i samsvar med føresegner som står i eller har heimel i plan- og bygningslova. Tilsyn skal bidra til betre gjennomføring av byggeprosessar, avdekke ulovlege forhold og verke førebyggjande. Gebyrinntektene til byggesak skal dekke kommunen si tilsynsverksemd.

### **§ 3-4. Ulovleg byggearbeid**

For uaktsame eller forsettlege brot på plan- og bygningslova som er omfatta av pbl. § 32-8, kan kommunen pålegge lovbrotsgebyr etter gjeldande føresegner i byggesaksforskrifta § 16-1, jf. plan- og bygningslova § 32-8 og kapittel 16 i forskrift om byggesak med rettleiing, om utmåling av lovbrotsgebyr.

Kommunen viser til plan- og bygningslova § 32-5 om tvangsmulkt ved ulovlege forhold.

## **Kapittel 4 – Oppmåling og matrikkelinformasjon**

#### **§ 4-1. Gebyrplikt og unntaksføresegner**

Gebyr etter matrikkellova blir berekna etter dei satsane som gjeld på rekvisisjonstidspunktet.

Gebyr blir normalt fakturert ved fullført oppmålingsforretning, men kommunen kan krevje at gebyret skal betalast på forskot. Dersom kommunen har sendt krav om forskotspliktig gebyr, gjeld ikkje fristen så lenge dette ikkje er betalt, jf. matrikkelforskrifta § 18.

Tidsfristen som er angitt i matrikkelforskrifta § 18 første ledd, gjeld ikkje i perioden 1. november til 1. mai.

### **Kapittel 5 Ikraftsetjing**

#### **§ 5-1. Ikraftsetjing**

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato.